

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 1 | Mars 2016 | 19. årgang



Neste Seterbrukaren

Neste blad er planlagt utgjeve i juni, og som vanleg oppmodar vi om å sende oss seterstoff, omtalar av setre og stølar, tips om ting som skjer i stølsmiljøa rundt om i landet – og ikkje minst gode foto. Helst innan 20. mai.

Arrangement 2016

Som vanleg vil også sommaren 2016 by på mange seter-arrangement. I juni-nummeret av Seterbrukaren vil vi gjerne omtale slike, og elles er www.seterkultur.no ein god kanal for å nå ut med informasjon.

Spørreundersøkelse

Norsk seterkultur har lenge arbeidd med beskytta betegnelse på seterprodukt, i første omgang setersmør. Sjå side 8. I samanheng med dette blir det no gjennomført ein spørreundersøkelse, der det m.a. blir spurt om det er relevant for seter-bedriften å knyte seg til ei nasjonal nettside med felles nasjonal markedsføring og kor relevant det er for dei enkelte setrene å nytte beskytta betegnelse for seterprodukt for betre å kunne skilje desse frå andre produkt som nyttar fjell- eller seter i marknadsføringa si.

Styret:

Hans Bondal, leiar
hbond@online.no
Tlf. 90969518
Sollivegen 862
2477 Sollia

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa,
tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Styremedlemmer

Per Sæther
6631 Batnfjordsøra
tlf. 71 29 01 81 / 93 67 35 69
pesetra@gmail.com

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbruksamkvirket)

Erik Fleischer
tlf. 91180314

Braskerud Nystuen
2436 Braskereidfoss
erfleisc@online.no

Varamedlemmer

Nils Drablos
Tlf 909 89 109
nils-dr@online.no
Vallavegen 31
6220 Straumgjerde

Bjørn Karsten Ulberg
3358 Nedre Eggdal
bkulberg@broadpark.no

Ingrid Arneng
tlf. 95 78 32 06

Skjel, 2940 Heggenes
i.arneng@skjel.no

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

Tel: 70 25 91 77
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS

Trykk: Uttrykk

Rekneskap/abonnement: SveinLøken, sv.l@online.no

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gonger i året.

Framside: Foto: Jostein Sande

Viktig organisering

Seinsommaren 1992 kom "geitemelkgruppa" i Tine til seters, ei gruppe med direktørar og tillitsvalde som hadde i oppgåve å sjå på "anvendelsen" av geitmjølka. Etter nokre år opphold hadde vi så smått kome i gang att med ysting, og ei ivrig budeie baud karane på eit fat med ost av eigen produksjon – men opplevde ei viss vegring. Ein entusiasisk journalist frå Sunnmørsposten skrytte avosten og tykte dei burde smake og la til: "er ikkje dette flott, at nokon har starta opp att med ysting på setra"? Da kom det frå ein som tok sjansen på å smake: "Jo, men det bør ikkje bli nokon vane!"

Slik var stoda, slik var haldninga.

Organiseringa av meierisamvirket er ei suksesshistorie, men og ein prosess som nær gjorde slutt på all lokal mjølkforedling.

På dette tidspunktet var denne stort sett redusert til nokre veglause ost- og smørprodusentar og ein god del setre som heldt tradisjonane ved lag om sommaren. Somme hadde altså ikkje noko val, om dei ville halde fram mjølkproduksjonen, andre var meir eller mindre medvetne tradisjonsberarar – eller "stabeisar". Det var nok dei som vona desse skulle gje seg, men ikkje minst rettar og plikter i mjølksamkvirket hindra at det hendte. Og så skjedde det brått endringar i landbrukspolitikken, impulsar kom inn frå utlandet, small scale - småskala og diversity – mangfald vart moteord - og eldsjeler tok kampen opp for lokal, småskala foredling. Snart sto prosjekt og studieturar i kø!

Sentrale styresmakter sto bak utviklinga og etableringa av organisasjonar som Norsk Gardsmat og Norsk Bygdeturisme, slegne saman i 2004 – i dag Hanen. Men parallelt med dette var det grasrotinitiativ som endte i skipinga av Norsk Gardsost (1998) og Norsk seterkultur skipa gjennom eit prosjekt 1977-99. Utan å gløyme andre eldsjeler, så kan vi slå fast at i spissen for desse grasrotrørslene sto særleg to kreative, uthaldande og bestemte kvinner: Pascale Baudonnell i Underdal i Aurland og Åshild Dale i Dalsbygda i Norddal. Båe geitbønder og vant til å takle bratte bakkar så vel som politiske og byråkratiske utfordringar.

For første gong vart seterdrift og småskala mjølkforedling organisert, og sidan pionerane dro det heile i gang på 1990-talet har mange eldsjeler teke sin tørn. Haldningane i t.d. Tine skifta fort, i allefall sentralt, og snart hadde meierisamvirket eit eige småskalaforum. Ute i organisasjonen og i Bondelaget var det tråare lende, skepsisen var stor - trass i at marknads- og salsfolk sa klårt frå at at meir mangfald også ville tene samvirket og volumprodukta. Småbrukarlaget var, som vanleg, kjappare i snuen og støtta opp om desse trendane som for lengst hadde slege rot i mange land rundt oss. Snart bar det til Jämtland og Frankrike, til studieturar og kurs. Og attende kom stadig fleire blanke i blikket av tru på småskala og mangfald. Og i dag kan vi gle oss over hundretals gards- og seterysteri, framgang for Bondens Marked og lokalmatbutikkar og Mathallar med suksess.

Jostein



Pascale Baudonnell og Åshild Dale på besøk hos fransk kollega.

Fagseminar og årsmøte 2016 – Dombås

Program for fagseminar 8. april:

12.00 Ankomst med kaffe og lunsj
13.00 **Velkommen** ved Sigurd Avdem, leder i Norsk Gardsost

13.15 Seterdriftas betydning for Norge

Merete Furuberg, leder i Norsk Bonde- og småbrukarlag

13.50 **Melk, lokal matkultur og det nye norske kjøkkenet.** Andreas Viestad, kokk, forfatter og matskribent

14.30 Pause

Del 2 Utmarsressurser og verdiskaping

15.00 Grasbasert melkeproduksjon

Harald Volden, Fag- og systemsjef TINE Rådgiving. Dr. Agric, Professor II, drøtvyrgerfysiologi og ernæring, NMBU

15.40 **Merking av fjell – og seterprodukter,** Norge og EU. Katharina Sparstad og Hans Bondal. Spørsmål og diskusjon

Fjellbeite - Oppdals spiskammers i fortid og nåtid

Udstillinga «Fjellbeite - Oppdals spiskammers i fortid og nåtid» ble arrangert i Oppdal kulturhus høsten 2015. Udstillingen var et samarbeid mellom fotograf Ludvig Killingberg, Landbrukskontoret i Oppdal kommune og Oppdal historielag, og er finansiert med tilskudd fra Oppdal bygdeallmenning og en betydelig egeninnsats fra de involverte. Fotograf Ludvig Killingberg er hobbyflyger og har gjennom flere år fotografert Oppdals seterdaler fra lufta. Dette har resultert i et imponerende bildemateriale av Oppdals setre, og ca 100 av bildene ble vist i utstillingen.

Omfattende seterdrift i Oppdal

De 22 setrene i Oppdal som driver aktiv melkeproduksjon ble gitt en sentral plass i utstillinga, forteller Gro Aalbu, Fagansvarlig landbruk i Oppdal kommune. I tillegg til 22 enkeltsetre i drift er det også to felles-setre i Oppdal, så i alt 28 bruk sender kyrne til seters. Det betyr at nesten hvert andre mjølkebruk fortsatt setrer. Det beiter kyr i østfjella, i Vinstradalen, Grytdalen, Dindalen og Gjevilvassdalen.

Det var offisiell åpning av utstillinga 29.10.15 ved Oppdals nyvalgte ordfører Kirsti Welander. Gunvor Fagerhaug Gus-



Fra åpninga av utstillinga

tausen framførte en sang om seterjenta, og Ola og Gerd Røtvei fortalte fra livet som moderne melke- og rømmeprodusenter på Sjøsetra ved Orkelsjøen. De ca 50 frammøtte til åpninga fikk så ta en titt på utstillinga før det ble servert rømmegrøt med saltpinne av sau som har beita i Oppdalsfjella.

Fra utstilling til bokprosjekt

I løpet av den tida utstillinga stod i kulturhuset var det ca 450 som har skrevet navnet sitt i gjesteboka. Nå håper vi på å få på plass et samarbeid som kan lede fram til ei seterbok for Oppdal. Gro Aalbu forteller at det blir jobba med ei arbeidsgruppe for bokprosjektet, men at planene enda ikke er helt klare.



Fotograf Ludvig Killingberg er hobbyflyger og har fotografert Oppdals seterdaler fra lufta.

Hotell 8. – 9. april

16.00 Kaffepause

16.45 **Verdiskaping på stolen** - Hvem er gjesten? Anne Karin Hatling, Skjerdal Stølsysteri og kafé

17.15 Oppsummering

Hans Bondal, leder i Norsk seterkultur

17.30 Nettverkssamling OST 2020

Tema: Økonomi, sysselsetting og verdiskaping i ysteribedriftene

19.00 Nettverkssamling slutt

1930: Middag

Meir info om program og påmelding: www.seterkultur.no | Påmeldingsfrist: 18. mars

Årsmøte i Norsk seterkultur 9. april

Kl 08.30 Start

Sak 1 Konstituering av møtet

Sak 2 Godkjenning av saksliste og innkalling

Sak 3 Årsmelding

Sak 4 Regnskap

Sak 5 Forslag til kontingent og kontingentklasser

Sak 6 Merkeprosjektet

Sak 7 Innkomne saker

Sak 8 Aktivitetsplan for 2016/2017

Sak 9 Årsmøte 2017

Sak 10 Budsjett

Sak 11 Valg



Kyr frå Sjøsetra i Øyer. Foto: Svein Løken

Beitebasert landbruk – vinnar i Sveits, tapar i Noreg

Noreg har lite dyrka jord. Men enorme viddar med beite, som ein variert bruksstruktur har utnytta godt, og skapt eit mangfald av matprodukt, kulturlandskap og biologisk mangfald vel verdt å ta med inn i framtida. Dessverre blir det no satsa på eit industrielandbruk stadig meir lausreve frå dei lokale, naturgjevne ressursane. NRK programmet "Framtidsbonden" sette fokus på dette, og med å samanlikne med landbrukspolitikken i Sveits vart det synleggjort at vi har eit val. Men vi må velje snart!

Mykje å lære i Sveits og Østerrike

Dei siste fem åra har det vorte nærrare 2500 færre bruk med mjølkeproduksjon. Samstundes har talet på setre med mjølkeproduksjon gått attende med over 20%, og dette betyr at stadig større beiteareal blir unytta og attgroinga skyt fart. Mjølkeproduksjonen er berebjelken for busetnad, aktivitet og bruk av areal i mange bygder. I t.d. Valdres, i fjellbygdene i Sør-Trøndelag, Nord-Østerdalen og deler av Gudbrandsdalen er mjølkeproduksjonen framleis dominert av små og mellomstore bruk, kvotar frå 70-80 tonn og oppover, typiske familiebruk med variert produksjon i vesentleg grad basert på utmarksressursane – inkludert seterdrift. Bygder og grender som liknar på det vi ser i Sveits. Vinnarar i den sveitsiske landbrukspolitikken, men taparar i Noreg! – Interessant er det at også i Østerrike blir det satsa på små- og mellomstore bruk, familiebruk, setring og kombinasjonsbruk. Vi har mykje å lære, men er det politisk vilje?

Mangfald av verdiar

Om vi vil ha levande bygder, med beitedyr i utmarka, seterdrift og liv i fjellet så er det

no verkeleg grunn til å seie frå! Det står om restane av ei livs- og driftsform som har forma store deler av landet vårt, det handlar om felles verdiar knytt til det beitebrukande landbruket sin "produksjon" av kulturlandskap, biologisk mangfald, landskap for friluftsliv, folkehelse og opplevingar. Og det er kun ein bruksstruktur med eit stort innslag av små- og mellomstore bruk, berekraftige gardsbruk tilpassa norsk røyndom og lende, som kan sikre at vi også i framtida kan nyte slike verdiar i fjellet.

Sats på den innovative småbruksstrukturen!

Situasjonen er alvorleg, men heldigvis ikkje heilsvert! Kreative, modige folk trossar politikken, tek opp igjen seterdrifta, byggjer nye seterfjøs og seterysteri og skaper nye produkt og opplevingar. Det er eldsjeler på tradisjonelle norske familiebruk, gjerne med seterdrift, som står bak mange av dei lokale ysteria som har vorte starta dei siste åra, og som verkeleg har skapt mangfald i den norske matmarknaden. Det blir omsett lokal mat for fleire milliardar, tiltak som Bondens Marked kan vise til god vekst og sidan 1990-talet har det vorte utvikla hundrevis av støls- og gardsmeieri. Og samvirket følgjer opp, i deler av landet kan vi i sommarmånadane kjøpe både stølsmjølk og stølsrømme frå Tine. Ein mangfaldig småbruksstruktur har danna - og dannar - grunnlaget for denne innovative utviklinga, og da er det eit paradoks at vi skal satse på ein landbrukspolitikk som motarbeider dette og tydeleg stimulerer stordrift, mindre bruk av lokale ressursar og stadig meir bruk av areal i Brasil!

Jostein Sande



*Tekst og bilder: Bianca Wathne Gelink,
prosjektleder og tidligere daglig leder
ved Nordgardsetra 4H-seter*

Internationale Grüne Woche (IGW) i Berlin er en stor messe for landbruk, mat og drikke, og reiseliv som arrangeres årlig i siste halvdel av januar. Norge, ved Innovasjon Norge og Landbruk- og Matdepartementet, stiller årlig med sin egen 500 kvm stand hvor det beste av norsk mat og drikke blir representer til besökende på messen. I 2016 deltok 8 setre fra Norge som driver med turisme og/eller videreføredling på seteren sin sommerstid for å promotere norske seterturisme.

HANEN med prosjektleder Bianca Wathne Gelink og gjennom dialog med Norsk Seterkultur, tok initiativ på oppfordring fra Innovasjon Norge omkring seterturisme. IN støttet deltagelsen til en egen seterturisme delegasjon, og da ble flere ulike seterbedrifter kontaktet av HANEN for å delta. Seterbedriftene som tilslutt deltok var: Nordgardsetra 4H-seter fra Vestfold, Brimi sæter fra Lom, Bergseng Seter fra Dovre, Olestølen fra Valdres, Skjerdal Seterkafé og Stølsysteri fra Aurland, Prestholt Geitestøl

godt mottatt på Grüne Woche i Berlin



Bianca Wathne Gelink og Ellen Anne Bergseng på seterstanden i Berlin.

fra Hallingdal, Øverdalssetra fra Østerdalen og Håvardsrud Seterliv fra Tinn.

Deltakerne ble en blanding av geitemelk- og kumelk-produksenter, så vi kunne vise det vi er så stolte av fra norsk landbruk. Seterturisme er godt kjent i landene rundt Alpene, og det er ingen grunn til at ikke Norge også kan hevde seg her. For deltakerne for norsk seterturisme ble IGW ikke bare en markedsføringskanal, men en arena for å ta pulsen på stemningen for gårds- og seterturisme, og oppleve andre nasjoners markedsføring og identitet knyttet til osteproduksjon og utmarksbeiting.

Messen varer i 9 dager, fra helg til helg, og det ble derfor naturlig å lage en vaktplan for hele uken så vi kunne være 8 deltakere. Det er lange dager, hvor messen primært er åpen daglig fra kl. 10 til 18 og tre dager med åpning til kl. 20.

I forkant av messen produserte Bianca og HANEN en brosjyre på tysk som representerete de 8 ulike setrene, litt historie omkring seterdrift i Norge og et kart hvor de ulike seterbedriftene er lokalisert. Den norske standen på IGW hadde laget en ny vri i år fra tidligere år. Vi som representert norsk

seterturisme skulle ha en stand uten mat og drikke for salg, men bare informasjon og brosjyrer sammen med andre ulike prosjekter og bedrifter over hele landet. Dette ble litt annerledes og nytt, da folk flest kommer på messeområdet til Norge for å prøve forskjellig typer mat og drikke. Vi måtte da markedsføre oss aktivt for å dele ut brosjyre til mengdene med mennesker som gikk forbi området vårt og presentere seterturisme direkte og via prat om andre aktiviteter Norge har å by på.

Inntrykket var at norsk seterturisme var en overraskelse for de fleste besøkende på messen, men folk var veldig interessert. Folk var opptatt av norsk natur og opplevelser i naturen, og seterturisme og gårdsturisme var helt tydelig interessant for de fleste. Man kan ikke legge skjul på at de aller fleste tyskerne spurte først og fremst etter de norske fjordene, Hurtigruten og nordlyset, men mange hadde opplevd dette allerede og ville tilbake til Norge for nye opplevelser. Disse var ute etter genuinitet og autensitet, som gav en ekte smak av Norge.

En utfordring for oss da vi ikke hadde mat og drikke for salg ble språket. Alle deltakerne for norsk seterturisme snakket bra engelsk, men tysken var det ikke helt på

topp med hos alle. De fleste måtte dra fram skole-tysken fra ungdommen, og hive seg uti, og prøve seg fram. Vi lærte oss noe strofer så vi kunne lokke med en herlig brosjyre på tysk med mer detaljert informasjon. Vi hadde gode medhjelpere på standen fra andre regioner og bedrifter i Norge, og flere av disse snakket tysk flytende. Oppslutningen var bra og brosjyren vår forsvant halvveis i uken, så da ble det trykket nye hos HANEN og sendt nedover med DHL i en fei. Det er nå over 900 brosjyrer om norsk seterturisme i de tyske hjem.

Messen har vært en opplevelsesrik erfaring og gitt utrolig mange inntrykk og ideer. Vi har fått smake på uendelig menger av spekemat og oster, og snaps, øl og vin. IGW er et sirkus uten like, og man blir mettet etter bare 3 fulle dager på stand her. Men å dra ned hit som seterbedrift på egen hånd kan anbefales, man får smake all verdens mat og drikke på et par dager. Messen er gedigen og det tar deg to fulle dager å få gått igjennom alt som finnes. Det er over 70 land som deltar, og det er mye musikk og kultur i tillegg til mat og drikke.

Om vi deltar på ny i 2017 med norsk seterturisme er uvisst, men da er det i hvert fall høyst aktuelt å gjøre en annen og mer aktiv vri på standen. Vi ville da hatt mer oppvisning og utstilling omkring seterdrift og melkeproduksjon for å synliggjøre det typisk norske, og rette et fokus på det spesielle med norsk melk fra utmarksbeite og det som er annerledes i norsk seterdrift kontra alpene sin seterdrift. Men dette er med tankene, så får vi se om vi vil delta på sirkuset etter en gang. Det blir kanskje som når settersesongen er over og man er sliten og lei: Man savner det like mye hvert år når snøen forsvinner, gresset gror og solen varmer.



Landbruksminister Jon Georg Dale, LMD står bak den Norske deltagelsen sammen med Innovasjon Norge og Norges ambassade i Berlin. Foto: Hans Bondal.

Fann kvarandre på Sogn Jord- og Hag

Dagen etter skuleslutt byrja Ida og Sigmund gardsdrift i Valdres

Frå SJH.no

Ida Østvoll var ein av dei nominerte til Årets unge bonde 2015. Eg vil høyre korleis livet hennar er på garden saman med Sigmund Sørum. Ida tykkjer det var kjekt å bli nominert. Ho seier at det er moro at det dei gjer, blir lagt merke til. Ho og Sigmund har ein hektisk kvardag på garden dei forpaktar i Valdres.

Når gjekk de på Sogn Jord- og Hagebrukskule?

Me gjekk i klasse på SJH frå 2010 til 2012, og fann kvarandre der. Det var på «Sogn Jord- og Fruktbarheitsskule», så klart. Me vart ikkje kjærastar før på tampen av det siste året i Aurland. Gardsplanlegginga og kollektivet på garden var allereie planlagt. Det at Sigmund tok mot til seg og spurte meg om eg ville vere kjærasten hans, var ein stor risiko. Det kunne jo slå feil ut. Men han tok sjansen. Det er eg veldig glad for i dag.

Kva gjer de i dag?

Me forpaktar ein gard på Sørre Leine i Valdres. Planen er etter kvart å overta familiegarden til Sigmund, der han har odel. Når det blir, er enno usikkert.

Me driv økologisk mjølkeproduksjon med kyr av to gamle norske raser; Dølafe og Vestlandsk Fjordfe. Me driv to stolar om sumaren og ein stolskafé. I tillegg til tradisjonell mjølkelevering til Tine, går ein del av mjølka til osteproduksjon. Ost ystar me frå mai til oktober.

Me flytta til Valdres same dagen som me var ferdige i Aurland. Dette var ein kjem-



Sigmund Sørum og Ida Østvoll. Foto: Lars Erik Skrefsrød / NRK

pefordel sidan me hadde all lærdommen og praksisen friskt i minne. Ein annan fordel var at me var fem personar som flytta i lag og skulle drive som eit gardskollektiv. Me anla ein stor grønsakshage, kjøpte to mjølkekryr og 15 geitekillingar.

Det er kjekt å vera fleire på ein gard, spesielt om sumaren når det er mykje å gjøre ute. Å bu alle i same hus om vinteren vart kanskje noko trøngt og av fleire grunnar var det att berre meg og Sigmund på Leine etter eit år. Dette vara ikkje lenge, for no meldte me oss inn i Wwoof-Norway og sidan har me nesten ikkje hatt huset for oss sjølv. Me treff så mykje trivelege og arbeidssame folk, og gardsyrket følast korkje einsamt eller usosialt!

I dag har me ti mjølkekryr, ingen geiter, men eg har ein fjording som står på ein annan gard i lag med andre hestar. Me har gamalt, men stort fjøs kor me kan køyre inn i kjellaren med traktor. Me legg opp møka i kompostranke som me vender med den gamle lauvkompostvendaren frå skulen. Me spreier med ei Gafnervogn (tørrgjødselvogn) me får låne av Sigmunds foreldre. Me har stor høytørke og tek heile fyrsteslatten til høy. Andreslatten blir rundballar eller går til beite. Ysteverksemda aukar kvart år, og tilbakemeldingene er gode. Ida jobbar i 75% stilling utanom garden, og kjem til å gjera det så lenge me leiger gard. Når me får oss eigen gard vil ho satse fullt på garden. Favoritten hennar er ysting og stølsturisme.



Topp stemning på setra!

Kva har skulegangen på Sogn Jord – og Hagebrukskule betydd for gardsdrifta?

Det var heilt avgjerande for drifta vår at me hadde gått i Aurland. For det første hadde me ikkje møttes elles, for det andre så har me skaffa oss kompetanse og eit nettverk av folk me ofte er i kontakt med, både lærarar og medelevar. I store eller små saker har me alltid relevante personar å prate med. Det er verdifullt når ein sit aleine og skal klare seg sjølv og drive gard. Det at det er ein heiløkologisk skule er også viktig. Lærarane er kompetente og lot oss gå djupt inn i faga.

Kva tykkjer de er viktig med økologisk landbruk?

Det viktigaste for Ida er at dyrevelferden vert sett høgt og at dyra får kjenne frisk luft og røre på kroppen kvar dag heile året. Me

gebruuksskule

set pris på at me sjølv kan ete og tilby andre lokal, naturleg, usprøya mat. Det å drive økologisk og vere Debio-sertifisert gjev eit kvalitetsstempel.

Vil de anbefale andre å forpakte eit gardsbruk i startsfasa?

Ja! Det er ein god måte å komme i gang med gardsdrift på, i staden for å gå og leite etter gard til sal og jobbe med noko ein ikkje likar på si. Forpaktar du, kan du jobbe med noko du likar medan du leitar etter eige bruk. På leigd gard kan du og byggje deg opp ei besetning og ein utstyrspark. Du får dessutan mykje god erfaring.

De er interesserte i gamle, norske kvarer. Korleis og når kom interessa?

For Sigmund var det heilt nytt at det fantest gamle, norske storferaser, og av den grunn veldig spennande. Ida hadde vore borti Dølafe og Telemarkskyr før og kjente godt til dei gamle rasene. Begge er me interesserte i stolsdrift og ekstensiv (langsam) drift. Då passa desse lette, nøysame dyra inn i vår plan. I tillegg føler me at me gjer ein viktig bevaringsjobb. Sigmund er livdyrkontakt i Fjordfelaget og veldig engasjert i avlsarbeid og bevaringsarbeid for denne kulturskatten. Og så synes me dei er vakre. Turistane på stølskafeen kommenterer ofte kyra, og likar at dei er litt utanom det vanlege.

Kva er det beste minnet frå Sogn Jord og Hagebruuksskule?

Ida sitt beste minne er reinsjakt og garnfiske med Torvald og Marco, og sumaruka på Sinjarheim med geitene. Me har mange gode "kvardagsminner" som sumarkurset med lange dagar med silolegging med Per og Torvald, luking i bikini med Monica ein tidleg sumarmorgon, matfestival i Bergen, sauesanking med Even, forvelling av umenneskelige mengder brokkoli med Nat, adventsirkel i gardsbarnehagen, ljåslått med Per, pære- og epleslang, dagevis med pressing av juice, pizzafestar i grindbygget, lause killinger i fjøset som hoppar frå ku til ku.

Vil de anbefale skulen til andre?

Ja! Fordi det er den einaste heilökologiske skulen i landet, og eit viktig inspirasjonsenter for kommande og etablerte bønder. Undervisninga har høg kvalitet, lærerane og dei tilsette er dyktige og har ofte stor faglig tyngde. Mange har lang erfaring med økologisk drift, og har vore med å kjempe for skulen i fleire tiår. Nettopp fordi me ikkje har råd til å miste han.



Stølskafeen til Ida Østvoll og Sigmund Sørum. Her får dei besøkande servert ost ysta rett i nærleiken.

Økoturisme – aktuell sertifisering for mange setre med reiselivstilbod

Det er fleire sertifiseringar i norsk reiseliv, men det er i utgangspunktet særleg ei som verkeleg er laga for det småskala reiselivet – Norsk Økoturisme. Her er det kriteriar som dekkjer berekraftbegrepet i breidda, med mange tiltak og kriteriar som skulle passe godt for setre som også tilbyr reiselivaktiviteter. Andre sertifiseringar har ein del av dei same kriteria, men er ikkje først og fremst laga for reiselivet, og har ikkje same breidde med omsyn til berekraft som Norsk Økoturisme, seier Ingunn Sørnes, Fagspesialist bærekraftig reiseliv i Innovasjon Norge.

Det er Innovasjon Norge som er eigar av denne sertifiseringsordninga, men sidan i fjor har Hanen overteke og driftar Norsk Økoturisme. Tidlegare Norsk Økoturismeforening er lagt ned, og Hanen har ansvar for sertifiseringa og alle dei sertifiserte bedriftene blir no ivaretakne gjennom medlemskap i Hanen, seier Nadja Hartikkala, medlemskoordinator og fagsjef Norsk Økoturisme i Hanen. Ho understrekar og kor grunnfesta berekraft i økoturismen, og fortel at fleire bedrifter no er på veg til å bli sertifisert. Elles er Norsk Økoturisme som del av Hanen i "støypeskeia", bl.a. blir det arbeidd med nye internett-opplegg. Hartikkala seier også at økoturisme-sertifisering burde passe mange seterverksemder, og det er som kjent allereie etablert eit samarbeid mellom Norsk seterkultur og Hanen. Deltakinga på Grüne Woche i Berlin er ein del av dette samarbeidet.

Økoturisme er ikkje berre eit miljømerke eller kvalitetsmerke, det er eit heilheitleg konsept med breitt berekraftfokus. Og tilfredsstiller ein krava for Norsk Økoturisme lever ein også opp til dei internasjonale måla for økoturisme. Når ein driv reiseliv i tilknyting til gard og seter, kan også fokuset som ligg i økoturismen ha relevans for det landbruket ein driv, der det også er snakk om eit "grønt skifte" og meir bærekraftig produksjon.

Nadja Hartikkala seier interesserte gjerne må ta kontakt for meir informasjon om Norsk Økoturisme og økoturisme-sertifisering.

Norske økoturisme-bedrifter tilbyr natur- og kulturopplevelser med lokal forankring og ekte møte med menneske og natur. "Økoturisme er berikende natur- og kulturopplevelser, tilrettelagt av ansvarlige reiselivsbedrifter med omsorg for sine gjester, miljøet og det lokalsamfunnet de er en del av", heiter det i Visjon for Norsk Økoturisme.

I tillegg er det ein eigen norsk økoturisme-definisjon: "Norsk økoturismes definisjon og prinsipper bygger på internasjonale prinsipper for økoturisme og ivaretar internasjonale mål for økoturisme anbefalt av FN og Den Internasjonale Økoturismeforeningen. Samtidig har norsk naturbrukstradisjon, vår reiselivsstruktur og våre miljøutfordringer fått satt rammene for økoturisme i Norge". Meir info er å finne på [www.ecotourismnorway.no](http://ecotourismnorway.no)

Ansvarleg for sertifisering og bedrifter:
HANEN v/Medlemskoordinator og Fagsjef
Norsk Økoturisme
Nadja Hartikkala
nadja@hanen.no
www.hanen.no

Gerd og Ola Røtvei driv seter ved Orkelsjøen i Oppdal

Seterdrift og beitebruk i fjellet er e

Det er ingen tvil om at setertilskotet har medverka til å ta vare på seterdrifta, det er eit treffsikkert verkemiddel som stimulerer til bruk av fjellbeitet. Utan tilskotet er eg redd vi ville hatt langt færre setre i drift. Seterdrifta har mange verdiar som det er verdt å ta vare på og stimulere. Og generelt er det no viktig å satse på verkemiddel som støttar opp om det beitebrukande landbruket, ein berekraftig måte å produsere mat på og det sikrar fellesverdiar som kulturlandskap og biologisk mangfald. Det er Ola Røtvei, bonde, seterbrukar og, ikkje minst, kjent politikar som seier dette.

- Sist haust avslutta han ei lang økt som ordførar i Oppdal, og dei over 30 åra i politikken omfattar også 12 år på Stortinget. På spørsmål om det ikkje er litt rart å vera ute av topp-politikken svarar han at det kjenner godt, tida var på ein måte var komma. Og så har han att nokre styreverv, arbeid på garden som kårkall – og så kan han sjå fram til fine sommar-opplevelingar på Sjøsetra ved Orkelsjøen.

Ja, setra har vore Røtvei sitt fristed i alle dei åra han har vore ordførar, mobilfri sone og nesten fritt for ”plagsomt medietrykk”, som han uttrykte det i ei lokalavis. Derimot fred og ro, ein og annan storfisk i Orkelsjøen, og ikke minst god rømme som kona Gerd har produsert. Og rømme er hovedproduksjonen på setra no, fortel Ola. Det har aldri vore henta mjølk til meieret frå Sjøsetra, så der-



Gerd Røtvei har vore budeie på Sjøsætra ved Orkelsjøen i mange år. Foto: Mediehuset OPP, opp.no

med måtte det i tidlegare tider produserast smør. Men smør er eit krevjande produkt, ikkje minst mykje arbeid, så i seinare tid har dei satsa på rømme.

Sonen Ingebrigrt har teke over garden, bygd på driftsbygninga og bygd om til lausdrift og utvida buskappen. Gardsdrifta omfattar 100 dyr med smått og stort, kvote på 300 tonn og 500 dekar eiga og leigd innmark. Såleis er det ikkje alle kyrne som blir med på setra. Gerd og Ola har 18-19 kyr på setra, vanlegvis frå første veka i juli til slutten av august. Orkelsjøen ligg på 1054 moh, så setra ligg høgt og sommaren er kort. Setra har røter attende til 1600-talet, og har så vidt ein kjenner til vore i kontinuerleg drift helt sidan den tid. Husa på setra i dag er av nyare dato, og dei har ”meieri” integrert i fjøset. Frå garden i Røteigrenda, vest for Oppdal sentrum, er det om lag 18 km til setra. I dag

blir dyra køyrt til fjells, men Ola kjem i hau dei gjekk med dei. Da laut dei starte klokka to om natta. Elles hendte det ofte at kyrne tok i veg sjøl, dei viste når tida var komma – og da var alt gjort klart til å flytte på setra. Ola Røtvei kjenner sjølsagt landbruket i Oppdal godt. Han fortel at om lag halvparten av mjølkprodusentane nyttar setra, inkludert to fellessetre. Mange av desse leverer mjølk til Tine. Talet på kyr har lenge halde seg oppe, trass avvikling av mjølkproduksjonen på mange bruk. Men no er dessverre talet på kyr i ferd med å gå attende. Ein del avviklar gardsdrifta heilt, mange satsar på sau – og Oppdal har no det høgaste sauetalet av alle kommunane i landet. Heldigvis blir jorda halde i hevd, satsinga på sau og potet sikrar det. Men færre bruk i drift og færre dyr på beite særleg i liene ovafor gardane og i ein del av seterdalane fører til attgroing.



Søknad om beskytta betegnelse på setersmør

Det er sendt søknad til MATMERK om beskytta betegnelse på setersmør med tradisjonelt sær preg. Kriteriene er justert etter høringsrunde og gjennomgang av Norsk Gardsost og Bioforsk. Vi regner med flere runder med korrigeringer før søknaden blir sluttbehandla av Mattilsynet.

Også fjellregionene i EU arbeider med kriterier for fjellprodukt. Kriteriekastet fra Norsk seterkultur blir nå oversatt til engelsk og lagt ut på Euro Montana sine nettsider www.euromontana.org som et bidrag i debatten om merking. Prosessen videre i Norsk seterkultur er en henvendelse til flest mulig seterbedrifter for å undersøke brukerpotensialet. Videre ber vi om svar om relevans i forhold til et nasjonalt bedriftsnettverk med felles nettside og markedsføring. Dette gjøres i samarbeid med HANEN. Norsk seterkultur er nå en målbedrift under Valdres Næringshage som gjennomfører undersøkelsen.

Les mer om arbeidet med kriterier og beskytta betegnelse på www.seterkultur.no

in viktig del av landbruket


Sjøsetra ved Orkelsjøen er einaste setra i drift i det som blir omtala som Oppdal østfjell. Setringa tok etter kvart slutt etter krigen, men enda på 1960-talet var ein god del i drift. I følgje rapport frå Norsk institutt for skog og landskap v/ Yngve Rekdal og Michael Angeloff: Vegetasjon og beite i Oppdal østfjell er det i tillegg 27 setre i aktiv bruk i sauehaldet i østfjella i Oppdal. "No er det sauene som rår beitet i Oppdal østfjell. Beitet i området er organisert i tre beitelag. Det blir samla sleppt om lag 20 000 sau. Slepping skjer både frå bygda og ved kjøring inn i fjellet der setervollar ofte er sleppestader. Slepetida nede frå bygda er kring 1. juni, medan det inni fjellet blir sleppt kring 15 juni. Sanking foregår frå begynnelsen til midten av september. Noko storfe brukar òg beitet. Tal frå landbrukskontoret viser 159 kyr, for det meste sinkyr, og 252 andre storfe. Beiting med storfe foregår mest i dei bygde nære liene og i Vinstradalen. Ved Bekkelægret er det hestehamn. I 2014 var det hingst med 13 merrar som gjekk der".



Ola Røtvei har nytt setra som fristed frå politikken. Foto: Mediehuset OPP, opp.no



Sjøsetra ligg i ope terrenget ved Orkelsjøen.
Orkelsjøhytta turisthytte i bakgrunnen. Foto: Ludvig Killingberg



Seterkurs på Gammelsetra i Grøvudalen

I 2016 blir det seterkurs i veke 28, dvs. frå søndag 10. til laurdag 16. juli. Kurset koster kr 4800. For studentar kr 3800 Aldersgrensa for kurset er 14 år. For dei under 14 tilbyr vi konseptet Barn og seter.

For meir info og påmelding:
<https://www.facebook.com/innergammelsetra>,
post@innergammelsetra.no eller ring
Myra Eriksdotter Melkild på tlf. 92 25 92 31

Norsk seterkultur: Innspill til meldingen om jordbruk

Vi har sett utsyningen på departementets sider om skriftlige innspill til ny stortingsmelding for jordbruksnæringen med tilbakemeldingsfrist 1. februar 2016. Norsk seterkultur lever her innspill hvordan matproduksjonen kan økes, effektiviteten kan styrkes og hvordan konkurransekraften for jordbruksnæringen kan bedres i forbindelse med ny stortingsmelding om jordbrukspolitikken.

Våre innspill er basert på vårt perspektiv og mandat i Norsk seterkultur,

■ «..ta vare på seterkulturen i eit langsiktig perspektiv gjennom aktiv bruk av setrane i tråd med lokal kunnskap frå fortid og samt id.

■ Med seterkultur forstår organisasjonen både natur, kultur og næring knyt t til utmarksområda som er og har blitt nytta til seterdrifta.»

Norsk seterkultur mener vi er relevante i denne sammenhengen fordi etterspørselen etter fjell – og seterprodukter er økende, og fordi det knyter seg en rekke tilleggsverdier til seterdrifta:

■ Dokumentert gunstigere næringssammensetning i setermelk (umetta fett og fett-løselige vitaminer)

■ Kunnskap, tradisjon og kulturarv

■ Kulturlandskap og biologisk mangfold

■ Dyrevelferd

■ Opplevelsesverdi og formidling

■ Økologisk bærekraftig driftsform basert på høstingskultur

■ Norsk identitet. Seterdrifta har stor betydning i oppbygning av Norge som nasjon.

Internasjonalt fokus på seterdrifta

Norsk seterkultur opplever dessverre at antall setre har sunket til et minimum de senere år, og i 2015 kom vi under 1000 setre i drift i Norge. Samtidig ser vi at mange er opptatt av og bekymret for at denne driftsformen skal forsvinne helt.

I 2011 var Norsk seterkultur invitert til Nasjonalforsamlingen i Paris sammen med andre fjellområder i Europa for å legge fram status, tiltak og framtidsutsikter for seterdrifta. Invitasjonen var i forbindelse med 40-års jubileum for en egen utmarks lov i Frankrike. Vi så her at Norge var langt fra «best i klassen» når det gjaldt tiltak for å ta vare seterdrift og bruk av utmarka til matproduksjon.

I 2015 var Norsk seterkultur invitert sammen med samer, eskimoer og hvalfangere fra Færøyene. Initiativet kom fra Norsk ministerråd der vi sammen skulle se på hvordan vi kan ta vare på kunnskapen om



Seterlandskap i Fronsfjellet i Gudbrandsdalen.

truede og økologisk bærekraftige driftsformer.

Disse eksemplene nevnes her for å vise at driftsformen har betydning ut over driftsregnskapet til den enkelte seterbruker.

Konkrete innspill

Våre innspill på hvordan matproduksjonen kan økes, effektiviteten kan styrkes og hvordan konkurransekraften for jordbruksnæringen kan bedres

Kvalitetsmat som konkurranseelement. Som kjent er etterspørselen etter etisk, økologisk bærekraftig og miljøriktig mat sterkt økende. Markedet er ganske sammenfallende med folk som etterspør økologisk og lokal mat. Og som mange seterbrukere har erfart er betalingsviljen stor. Et eksempel på dette er Fjellgris fra Valdres som rett før jul satte opp kiloprisen fra 250 til 300 kr. Dette var som motreaksjon til kjedebutikkene sin dumping av ribbekjøtt. Som svar på dette får de 400 nye kunder!

Selv om «Steinrøysa Norge» er dårlig egnet for maskinell drift sammenlignet med de lettdrevne arealene lenger sør i Europa, er et godt grasland. Istedenfor å prøve å kopiere intensiveringa fra de mest lettdrevne områdene, bør vi i mye større grad bruke handlingsrommet innenfor matkvalitet, dyrevelferd og biologisk mangfold (i EU definert som Biodiversity and Ecosystem Services).

Det er her vi har konkurransekraft! Dette må også følges opp av markedsregulatorene slik at kundene også kan få kjøpt «grasfeed» kjøtt og melk fra graslandet Norge, og ikke bare fra import!

På den annen side har vi mye å lære fra fjellregionene i Europa i forhold til tilpasset landbruk.

Innovasjon Norge

Fleire nettverk har forsøkt å få støtte gjennom Innovasjon Norges program for Grønt Reiseliv. I kontakt med innovasjon Norge har flere fått forståelsen av at det er krav om minst 1 million kroner i omsetning pr bedrift. Det betyr at de aller fleste seterbedrifter faller utenom fordi setersesongen for de fleste er mellom 4-8 uker. For å unngå at en hel næring (stølsbedrifter) faller utenfor ordningen bør det derfor brukes omsetning pr/time, det vil si lønnsomhet i forhold til den totale tidsbruken i perioden til grunn som kriteria for deltakelse og ikke samlet årsomsetning.

Regionalt Miljøprogram (RMP).

Av støtteordninger er setertilskuddet lagt under RMP som forvaltes fylkesvis. Fylkesvis

kspolitikken



forvaltning betyr at ordningen praktiseres svært ulikt og må konkurrere med øvrige miljøtiltak dom avrenning, brattlendte bruk og slåtteenger mm. Norsk seterkultur ønsker et likt setertilskudd for alle seterbrukere i hele landet

Tverrdepartemental samordning

Som dere ser av teksten ovenfor er verdiene som driftsformen ivaretar ikke bare knytta til matproduksjon. Vi mener derfor det er viktig med bedre tverrdepartemental samordning i en ny melding slik at viktige element i landbrukspolitikken ikke faller mellom flere stoler.

Viktig henteplikt

TINE er markedsregulator for melk. TINE har også henteplikt fra setrene. Ca 98% av setrene i Norge leverer også melk til TINE. Det er derfor fundamentalt at henteplikten opprettholdes.

Små og mellomstore bruk

I verdenssammenheng utgjør små og mellomstore bruk 70 % av verdens matproduksjon. Ut i fra et matsforsyningsperspektiv vil det derfor være uklok å legge opp til en politikk der disse får dårlige vilkår.



Er det denne utviklinga vi ønskjer? Fra Løviksetra, Tresfjord

«Fritidsrenovasjon»- ny seterbuskatt

Det rullar ei bølgje over landet, der kommunane med grunnlag i eit stortingsvedtak innfører avgift for det dei kallar 'fritidsrenovasjon'. Mellom anna i Vestnes kommune, Møre og Romsdal, har vi fått informasjon i postkassa frå renovasjonsselskapet år om eit nytt renovasjonsgebyr for fritidseigedomar der vi skal betale kr. 1650 årleg, uansett om 'fritidseigedomen' er stor eller liten, i bruk eller ikkje i bruk. Dette kjem i tillegg til renovasjonsavgifta for bustaden heime.

Eventuelt søppel vert likevel ikkje henta ved fritidsbustaden, men skal leverast i containerar som er sett opp på nokre få (for føremålet) sentrale stader i kommunen. 'Hyttefolket' er i hovedsak lokalt busette. I praksis vil mange når dei kjem frå 'fritidsbustaden' køyre forbi sitt eige tun og fleire kilometer vidare for å levere 'fritidsavfallet' i containerane, medan det før har fungert bra å levere eventuelt avfall frå fjellet saman med heime-søppelet. Omgrepet 'kjeldesortering' har på denne måten fått ny mening!

Medan avgifta for 'fritidsrenovasjon' nok kan vere på sin plass i 'hyttekommunar' der brukarane kjem langvegs frå og ikkje vil transportere avfallet i bilen sin i timevis, er den nye avgifta nokså meiningslaus i kommunar der dei aller fleste fritidsbustadene høyrer til folk som enten bur i kommunen eller i ein nabokommune, og som er vane med sjølve å ta med seg avfallet heim.


Avgifta for 'fritidsrenovasjon' er dessutan i mange kommunar ikkje berre meiningslaus, den er direkte skadeleg. Ein av skadeverknadene av den nye avgifta er at den råkar setrane. Setrane er på dei fleste gardane ikkje lenger i aktiv bruk i næringa, anna enn kanskje som 'base' under sauehenting og tilsyn med dyra, og vert derfor rekna som 'fritidsbustad' med eigedomsskatt og no altså i tillegg avgift for 'fritidsrenovasjon'. Seterhus og setergrender har følgt gardane og vore ein både nyttig og kjær stad for folket på garden gjennom mange generasjoner, dei er lasta med tradisjon og historie, og dei vert ofte tekne vare på meir av tradisjonsomsyn og pietetsgrunnar enn som fritidsbustader. Ei 'fritidsrenovasjonsavgift' på 1650 kroner året for ei gammal Vestlands-seterbu utgjer i mange tilfelle omkring 100 kroner kvadratmeteren i ekstra skatt årleg i tillegg til eigedomsskatten.

Det er fare for at mange no vil slutte å ta vare på dei gamle seterhusa – kostnaden med eigedomsskatt og brytet med vedlikehald er ei stor nok belastning frå før. Dobbel skattlegging gjennom både eigedomskatt og ei uforståeleg 'fritidsrenovasjonsavgift' er ikkje vegen å gå om ein vil ta vare på den verdifulle tradisjonen som dei gamle setrene ber med seg. Seterhus som har følgt gardane frå den tida då dei var viktige for gardsdrifta, frå ei tid då vilkåra var annleis enn i dag og som vi ikkje bør gløyme, dei burde heller få offentleg støtte enn ekstra skattlegging. Og det er ein inkonsekvens i det som no skjer med innføring av 'fritidsrenovasjon' for seterhusa – det vert jo gjeve ei viss støtte både til setring der det enno er aktuelt, og til bevaring av setereng og seterlandskap.

Ein ville vente eit opprør mot 'fritidsrenovasjonsavgifta' for seterhusa både frå bonde-organisasjonane og alle som ønskjer å ta vare på lokal tradisjon og historie, i tillegg til alle andre som ser meiningsløysa i miljø-samanhang av 'fritidsrenovasjonen' slik den no er i ferd med å bli innført utan tilstrekkeleg tilpasning til lokale forhold. Det er å håpe at det finst folk på Stortinget som vil ta opp saka og prøve å få retta opp feilgrepet.

Martinus Løvik

Returadresse:
Norsk seterkultur
6214 Norddal



Dyregod-dagane

Full aktivitet på Norsk Seterkultur sin stand på Dyregod-dagane også i 2015. Her vart det laga til skjørost og feskost, koka gubb og kinna smør.

Budeie var Marit Hoel. Per Sæther var ”bu-deidalt” og sørga for tak over ostegryta, ved til ystekjelen og nystekt flatbrød til seterkosten. Dyregod-dagane går over tre dager første helga i september og hadde i 2015 over 18000 besøkande.

Rosekolla – ei vandring i folkemusikk frå seterlivet



Spellstenen på Tolga – prydar coveret på cd-en med musikk frå seterlivet. Foto: Erik Storbekken.

Folkelarmpris 2014

CD-en Rosekolla fekk Folkelarmpris i 2014 for beste dokumentasjon. Norsk folkemusikk-samling har gitt ut CD med heile 57 feltopptak med vokal folkemusikk frå seterlivet, utvalgt av den allsidige musikaren Eli Storbekken. Songane har vore brukt som reiskap i folks daglege liv og virke og som hjelpemiddel for å kommunisere med buskap og menneske.

Konsert

Eit resultat av arbeidet med CD-en er ”konserten Fortidas stemmer møter nåtid”, med Eli Storbekken, song og seljefløyte, Irene Tillung,

trekkspel og Britt Pernille Frøholm, fele/hardingfele. Dei har halde konserten mange plassar, og vi opplevde den i Fossehuset ved Atnbrua i Sollia siste sommar. Konserten er ei musikkvandring med viser og melodiar frå seterlivet fram til dagens folkemusikkuttrykk i eit frisk og humørfylt arrangement. Ein får oppleva lokk, laling, kringelhauk, hulling, regler og gjetarviser. CD-en har mest frå Oppland og Hedmark, men også frå Hallingdal, Vestlandet og Trøndelag

Mange av våre produkter har rot i støls-kulturen og vi støttar



Norsk Seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

OLAVSROSA

Kvalitetsmerket for de beste kulturarvopplevelser. Et besøk er et minne for livet.

“Vern gjennom bruk”



www.olavsrosa.no
www.kulturarv.no